Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Brynet

Oppskr. av: Ketil Rui

(adresse): Vinjesvingen

Fylke: Telemark

Herad: Vinje

Bygdelag: Smörklepp

Gard: Rui

G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege ord for brynet er brynstein "brönesteinen" Heine har eg aldri höyrt bruka i denne samanheng

2. No for tidi vert det vel bruka mest kunststein til bryne, men ennå er det mange som nyttar "Eisborbröni" (frå Eidsborg) Staden der steinen vart broten vart i gamal tid kalla "hassteinbrot" Kanskje dette viser attende på eit bruktlöyndt namn på bryne.

3 Alle midskogar vert slipa på rund stein.

4. Eg har aldri heft nokon som kan seia sikkert når tyrnskeljåen gjekk or bruk, men etter det ein kan finna ut ved å halde saman det gamle folk fortel er det truleg at slipesteinen kom i bruk i 1820-30 åri. Husbonden tynnte ljåane i smidja som dei hadde på kvar gard. Dette gjorde han ein gong i veka. Eg har

2219

höyrt at dei hita litt når dei tynnte. Dei „kaldbanka"

5 Det var gjerne ein stor bryne stein på garden som vart bruka til å „skjote öksar på." Då låg steinen still og ein heldt i öksi. Noko namn hev eg aldri höyrt. Han vert aldri bruka no. Slipesteinen stod jamt ved husi

6. För vart det gjerne rekna for karstuk å stå lenge med ljåen utan å slipe. Men i öykt var det vanleg. No når folk slipar med motor er det vanleg å skifta i öykti. Eg hev aldri höyrt folk hev havt noko mot å bruke slipestein til ljåen

7. No vert det sjeldan bruka meir enn eitt bryne. För var det vanleg å bruke „styrikstikke"(ei) etter steinen. Styrikstikka vart helst laga av or og inngnidd med brynestingjut- „hasstingjuté" som dei gamle sa. Vanleg vart stikka laga som skaft på ein liten hamar som det var ei spalte i som hövde til ljåen. Då hadde dei nidskap både til å slå i spita med og til å „vende" (vri) ljåen med.

8. Ljåen vert alltid „bonden" under sliping. Det er berre sigdar som vert slipa „i bondne" Slipar ein skrår alltid eggi mot seg.

9. Både skutkorv og fangorv vert alltid smudde med undersida opp når ein

2219

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brynet.

10. Brynet vart bori i „skåppe" (ein „Venda" (stikka) hekk i ei stroppe på utsida. Skåppen var oftast av tre famleg sauma med never.

11. Er ukjendt her.

12. Det er ein, gjerne nokso påkosta, jarnkrok i skåppen til å henga i beltet, bak.

13. Det er serleg natursteinen som vert i vatn!

14. Mjölk av brynet vert kalla „brönesteinsgutt'e"

15. Nei

16. Det einaste eg har höyrt brynesteinsgutt vart bruka til er at dei nytta det som „ruggalje"

17. Eg har aldri höyrt at bryne vert betre av å ligge i jord eller anna, men eg har höyrt påstade at slipesteinen vert mindre kvass dersom soli skiner på han

18 ukjent

19 ukjent

20. ukjent

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2219

2219